



Saksbehandlar: Paal Fosdal, Fylkesrådmannen  
Sak nr.: 15/9901-2

## **Høyring - forslag om administrasjonsstad i dei nye politidistrikta**

### **Fylkesrådmannen rår fylkesutvalet til å gjere slikt vedtak:**

Med tilvising til invitasjon til høyring og høyringsnotat frå Politidirektoratet, datert 5.oktober 2015, vil fylkesutvalet i Sogn og Fjordane fylkeskommune gi slik uttale til val av administrasjonsstad for politidistrikt vest:

1. Utifrå dei kriteria som er brukt i vurdering av administrasjonsstad og vektning av desse, kjem Bergen best ut. Fylkesutvalet tek dette til etterretning, men vil peike på at Florø kjem best ut i vurderinga knytt til lokaliseringspolitikk, og meiner dette kriteriet må gjevast større vekt når øvrige fellesfunksjonar, spesialistfunksjonar og fagmiljø skal lokaliserast.
2. Fylkesutvalet tek til etterretning at operasjonssentralen skal vere plassert på same geografiske stad som administrasjonsstaden. I høyringsnotatet går det fram at:  
*«Inntil videre er det uklart om helsevesenets AMK-sentraler skal inngå i framtidig samlokalisering, men det forventes at politiet skal legge til rette for at dette kan skje»* (Høyringsnotat, s.6). Fylkesutvalet er kjent med at KS Sogn og Fjordane vil føreslå å etablere eit prøveprosjekt for å sjå korleis informasjonsteknologi kan nyttast for å få til eit tettare samarbeid og samverke mellom naudetatane sine sentralar som eit alternativ til samlokalisering. Fylkesutvalet støttar dette initiativet.
3. Under punktet «*Infrastruktur og nærlhet til samvirkeaktører*» (Høyringsnotat, s.19), blir Bergen vurdert som mest hensiktsmessig fordi fylkesmann, fylkesberedskapsjef, sivil-forsvar, 110-sentral og AMK-sentral er plassert i Bergen, mens det i Sogn og Fjordane er ei geografisk spreiing for desse funksjonane. Fylkesutvalet vil for sin del peike på at punktet ikkje inneheld ei vurdering av nærliken til Fylkesmannen, sivilforsvaret og AMK i Sogn og Fjordane når administrasjonsstaden vert Bergen. Fylkesutvalet vil vidare vise til fleirtalsmerknaden i Innst. 306 S (2014-2015) der det står: *«Komiteens flertall, medlemmene fra Arbeiderpartiet, Kristelig folkeparti og Senterpartiet, vil for eksempel vise til at Sogn og Fjordane har svært gode erfaringer med samvirke på tvers, uten å vie for mye oppmerksamhet til om oppgavene faller innenfor eller utenfor det formelle ansvarsområdet til den ene eller andre instansen. En viktig forutsetning er et gjensidig godt tillitsforhold mellom politiet og de andre etatene med beredskapsansvar. Det tette og effektive samarbeidet i fylkesberedskapsrådet har vært en viktig faktor for å få dette til lokalt»*. Denne merknaden må tilleggast vesentleg vekt når konsekvensar for beredskap skal vurderast og ein må ta omsyn til dei erfaringane som Sogn og Fjordane har gjort knytt til krisehandtering dei siste åra.
4. Fylkesutvalet meiner at avgjerda om administrasjonsstad for dei nye politidistrikta må avgrense seg til politimeisteren sitt kontor med tilhøyrande støttetenester. Prinsippet om at øvrige fellesfunksjonar og fagmiljø skal kunne lokaliserast fleire stader i politidistriktet må følgjast opp. Fellesfunksjonar, spesialistfunksjonar og andre fagmiljø må

vidareførast og vidareutviklast der ein i dag har gode miljø, og fylkesutvalet vil her peike på spesialistfunksjonar og straffesakskontoret som ligg i Florø.

5. Fylkesutvalet har merka seg at framtidig organisering av tenestestrukturen på nivå to, m.a. ev. samanslåing av lensmannskontor, ikkje ligg til denne høyringa, og legg til grunn at politimeisteren kjem tilbake til dette i ein seinare prosess.
6. Fylkesutvalet vil vidare peike på at ei vekting av kriteria som einsidig favoriserer val av Bergen som administrasjonsstad med påfølgande lokalisering av operasjonssentral, vil kunne gi vesentlege konsekvensar knytt til offentlege arbeidsplassar i Florø – særleg dersom dette valet seinare fører til sentralisering av AMK-sentralane. Fylkesutvalet er uroa over denne utviklinga, og krev at kriteriet knytt til lokaliseringspolitikk vert tillagt vesentleg større vekt når ein skal lokalisere øvrige fellesstørke, spesialiststørke og fagmiljø – funksjonar som ikkje krev nærliek til politimeisteren.

#### Vedlegg:

1. Invitasjon til høring om administrasjonssteder i nye politidistrikt, datert 5.oktober 2015
2. Høyringsnotat frå Politidirektoratet, datert 5.oktober 2015

## **SAKSFRAMSTILLING**

### **1) Bakgrunn for saka**

#### Grunn til at saka vert fremja

I brev datert 5.oktober d.å. ber Politidirektoratet om uttale til notatet «Høyringsnotat – Administrasjonssteder i nye politidistrikta». Høyringsfristen er sett til 17.november d.å.

Politidirektoratet ønskjer at følgjande blir kommentert (jf. høyringsbrevet, s.2):

- Førebels konklusjon om lokalisering av administrasjonsstad i dei nye politidistrikta
- Konsekvensane for statlege arbeidsplassar (distriktpolitiske konsekvensar).
- Omsynet til lokaliseringspolitikk.

#### Historikk

Politureforma er tidlegare handsama av FU 15.06.2015 (sak 68/15) og FT 17.06.2015 (sak 28/15). Fylkestinget fatta slikt vedtak:

#### **«*Vidare arbeid med politireforma i Sogn og Fjordane.***

*Fylkestinget i Sogn og Fjordane tek til etterretning vedtak om at politireforma inneber at Sogn og Fjordane politidistrikt vert slege saman med deler av Hordaland til eit nytt politidistrikt Vest. Fylkestinget oppmodar om at gjennomføringa av politireforma bygger på eit gjensidig godt tillitsforhold mellom politiet og dei andre etatane med beredskapsansvar.*

*Fylkestinget viser til slik fleirtalsmerknad frå Komiteen i kap. 12 i reforma:*

*«Komiteens fleirtal vil for eksempel vise til at Sogn og Fjordane har svært gode erfaringer med samvirket på tvers, utan å vie for mye oppmerksamhet til om oppgavene faller innenfor eller utenfor det formelle ansvarsområdet til den ene eller andre instansen. En viktig forutsetning er et gjensidig godt tillitsforhold mellom politiet og de andre etatene med beredskapsansvar. Det tette og effektive samarbeidet i fylkesberedskapsrådet har vært en viktig faktor for å få dette til lokalt.»*

*Fylkestinget legg til grunn at denne merknaden føreset at ein i vidare organisering av dei nye politidistrikta skal byggje vidare på dei gode erfaringar og tillitsforhold som er skapt mellom politiet og dei andre etatane med beredskapsansvar. I dette biletet er det viktig at fylkesberedskapsrådet sine deltarar får hove til å medverke i arbeidet framover. Fylkestinget ber difor om at det vert lagt godt til rette for slik medverknad. Sogn og Fjordane fylkeskommune vil arbeide for at iverksetjinga av nærpolitureforma skjer slik at ein får eit*

*best mogleg nærpolti i Sogn og Fjordane, samtidig som ein i vårt fylke både kan ta vare på og byggje opp sterke fagmiljø i fylket og spesialfunksjonar i Florø.*

*Sogn og Fjordane politidistrikt har levert godt på mange område, og det er fylkestinget si klare forventning at dette blir teke omsyn til når det nye distriket skal organiserast.*

*Fylkestinget krev at Alarmsentralen blir verande i fylket og at straffesakskontoret i det nye distriket vert lokalisert til Florø. Vi forventar at ein utnyttar den kompetansen som er i Sogn og Fjordane og legg spesialfunksjonar til fylket. Fylkestinget krev at funksjonar som økoteam, vald og sedelighet og retts- og påtale vert halde på minimum dagens nivå.*

*Vi forventar også at den kompetansen som er ved operasjonssentralen i dag må sikrast i fylket og gå inn i andre spesialfunksjonar. Fylkestinget har merka seg at politidekninga i fylket er 1,3 per 1000 innbyggjarar. Vi minner om det nasjonale målet på 2 per 1000 og vi forventar at det vert oppfyllt innanfor dagens fylkesgrenser. Dette er heilt avgjerande for tryggleiken til innbyggjarane i Sogn og Fjordane og er på plass dersom dette skal bli den nærpoltireforma som Stortinget har lova.»*

I møte med stortingsbenken 23.oktober 2015 vart følgjande tema knytt til politireforma presentert frå fylkeskommunen, KS og Fylkesmannen:

- Prosessen vedkommande politireforma, alarmsentralen og naudnett
- Virtuell AMK
- Beredskap i samvirkefylket Sogn og Fjordane.

#### Innhald i høyringsnotatet – Val av administrasjonsstad

Høyringsnotatet som er til uttale handlar om framlegg til geografisk plassering av administrasjons-stad, dvs. stad i politidistriket der politimeisteren har sitt kontor og sin leiarstøtte. Det er også avgjort at operasjonssentralen skal vere plassert på same geografiske stad som administrasjons-staden. Operasjonssentralen skal samlokaliseraast med brann- og redningsvesenet sine nødmelde-sentralar, og det skal leggjast til rette for samlokalisering med AMK-sentralane. Øvrige felles-funksjonar og fagmiljø skal kunne lokaliserast på fleire stader i dei nye distrikta.

Politidirektoratet viser til at val av administrasjonsstad i liten grad vil påverke polititenesta overfor befolkninga direkte, men skal gi det nye politidistriket best moglege rammevilkår for å levere gode polititenester der folk er. Oppgåvene som skal utførast ved administrasjonsstaden er i stor grad stadsuavhengige, og vil difor i liten grad krevje fysisk nærleik til brukarane av politiet sine tenester. I politidistrikta skal framleis det meste av tenesteproduksjonen og publikumskontakten skje i dei geografiske driftseiningane som består av noverande politistasjonar og lensmannskontor.

Spørsmålet om framtidig organisering av tenestestrukturen i politiet, og ev. entuell samanslåing av lensmannskontor, er ikkje berørt av avgjerda om administrasjonsstad i distrikta. Endringar i tenestestrukturen vil krevje lokale prosessar under leiing av ny politimeister. Dette er prosessar som skal føregå i samarbeid med berørte kommunar og som tidlegast ventast å starte opp i 2016.

Val av administrasjonsstad for Vest politidistrikt (Hordaland politidistrikt og Sogn og Fjordane fylke) har stått mellom Florø og Bergen. Politidirektoratet har her førebels konkludert med Bergen som administrasjonsstad og ber om høyring i høve dette valet.

Til grunn for val av administrasjonsstad er følgjande kriterium brukt med vekting:

Kriterium	Vekt	Henvisning til kriterier i retningslinjene fra KMD 28.11.2014
Rekrutteringsgrunnlag	20 %	Krav til kompetanse
Gjennomføringskostnader for etablering av operativ ledelse fra nytt administrasjonssted	15 %*	Kostnadseffektivitet og effektiv oppgaveløsning
Kostnadseffektiv praktisk beliggenhet	25 %*	Kostnadseffektivitet og effektiv oppgaveløsning Krav til kompetanse (Nærhet til tjenesten)
Vurdert egnethet ved nye operasjonssentraler	10 %	Kostnadseffektivitet og effektiv oppgaveløsning
Vurdert egnethet for samlokalisering mellom politi, brann og helse	10 %	Kostnadseffektivitet og effektiv oppgaveløsning
Infrastruktur, nærhet til andre typer fagmiljø, offentlige myndigheter mv.	10 %	Infrastruktur, nærhet til andre typer fagmiljø, offentlige myndigheter mv.
Hensyn til formålet til lokaliseringspolitikken	10 %	Hensyn til formålet til lokaliseringspolitikken

Utifrå desse kriteria vurderer Politidirektoratet Bergen å vere best ega som administrasjonsstad i nye Vest politidistrikt. Bergen blir vurdert som klart mest hensiktsmessig på dei høgast veka kriteria:

- Rekrutteringsgrunnlag
- Gjennomføringskostnader
- Kostnadseffektiv praktisk lokalisering.

Bergen blir også vurdert som vesentleg meir ega med tanke på potensialet for samlokalisering med brannvesenet sine nødmeldesentralar, og som eit meir hensiktsmessig alternativ med tanke på nærleik til sentrale samarbeidsaktørar. Florø kjem betre ut enn Bergen i vurderinga av omsynet til lokaliseringspolitikken (jf. Høyringsnotatet, punkt 4.6, s. 18-19).

## 2) Vurderingar og konsekvensar

Fylkesrådmannen har ikkje spesiell kompetanse innanfor politifag, samfunnssikkerheit og beredskap og har difor søkt råd hos fylkesmannen i arbeidet med saka.

Målet med politireforma er eit nærpoli som er operativt, synleg og tilgjengeleg, og som har kapasitet og kompetanse til å førebygge, etterforske og påtale kriminelle handlingar, og å sikre tryggleiken til innbyggjarane. Val av administrasjonsstad er eit første nødvendig steg for at politimeisteren skal kunne kome i gang med strukturarbeidet i det nye politidistriket med rammevilkår som gir grunnlag for måloppnåing. Utifrå dei kriteria som er brukt i vurdering av administrasjonsstad og vektinga av desse, kjem Bergen best ut og det blir vanskeleg å konkludere annleis enn at Bergen må vere administrasjonsstad for det nye Vest politidistriket. Fylkesrådmannen vil likevel peike på at dersom slike veka kriterium som her er brukt skal vere førande for lokaliseringsprosessar, vil det aldri bli aktuelt å leggje administrasjon, leiing og leiingsstøtte utanfor den største byen/staden. Dette er ei uheldig utvikling.

Det er vidare grunn til å peike på argumentet om at Bergen må veljast fordi ein her har kort avstand til fylkesmann, fylkesberedskapsjef, sivilforsvar, 110-sentral og AMK-sentral, mens det i Sogn og Fjordane er ei geografisk spreiing for desse funksjonane. Dette argumentet inneheld ikkje ei vurdering nærleiken til Fylkesmannen, sivilforsvaret og AMK i Sogn og Fjordane når administrasjonsstaden vert Bergen.

Polidirektoratet skriv at val av administrasjonsstad er ei førebels konklusjon. For Vest politidistrikt vurderer ikkje fylkesrådmannen dette som at ein opnar for at det kan verte aktuelt med justeringar etter at høyringsrunden er gjennomført. I vurderinga av administrasjonsstad for Vest politidistriket drar dei veka kriteria og den oppsummerande konklusjonen einsidig mot Bergen, og det ser difor ut som om valet er gjort. Vidare vurderingar vil difor konsentrere seg om konsekvensar dette gir for:

- Operasjonssentral og AMK
- Lokalisering av øvrige fellesfunksjonar, spesialistfunksjonar og fagmiljø
- Konsekvensar for statlege arbeidsplassar

### Operasjonssentral og AMK

Høyringsnotatet legg til grunn at operasjonssentralen skal lokaliseras på same geografiske stad som administrasjonsstaden. Lokaliseringa skal leggje til rette for tett og god samhandling mellom politimeisteren, stab og operasjonssentral. Vidare skal operasjonssentralen samlokaliseras med brann- og redningsvesenet sine nødmeldesentralar og det skal leggjast til rette for samlokalisering med helsevesenet sine AMK-sentralar. Fylkesrådmannen ser på lokalisering av desse funksjonane som direkte konsekvens av avgjerd om administrasjonsstad, men der ev. framtidig lokalisering av AMK-sentralane er meir open for vurdering og innspel enn lokalisering av operasjonssentralane.

Fylkesrådmannen er kjent med at KS Sogn og Fjordane vurderer om det er mogleg å få til eit alternativ til fysisk samlokalisering, og at det er ønskje om å etablere eit prøveprosjekt med virtuell samlokalisering. Høyringsnotatet frå Politidirektoratet inneheld ingen vurderingar av om informasjonsteknologi kan nyttast for å få eit tettare samvirke mellom naudetatane, men er retta mot byggetekniske føresetnader for samlokalisering. Vurdering av informasjonsteknologiske løysingar for tettare samvirke mellom naudetatane bør med som innspel i den vidare prosessen.

Det er grunn til å peike på at politiet aldri vil kunne førebyggje kriminalitet eller handtere rednings-aksjonar utan å samarbeide nært med andre aktørar. Gjennom mange store og alvorlege uønska hendingar har vi i Sogn og Fjordane erfart at det må vere eit nært samvirke mellom politiet og aktørar utanfor redningstenesta. Det gjeld t.d. Fylkesmannen (fylkesberedskapsrådet), kommunane si kriseleiing og Statens vegvesen, som på vegne av fylkeskommunen driftar vegnettet gjennom sams vegadministrasjon. Samlokaliserte sentralar vil difor berre vere ein del av den totale beredskapsorganiseringa.

Erfaringane frå Sogn og Fjordane er omtalt i Innst. 306 S (2014-2015) ved ein fleirtalsmerknad som lyder:

*«Komiteens flertall, medlemmene frå Arbeiderpartiet, Kristelig folkeparti og Senterpartiet, vil for eksempel vise til at Sogn og Fjordane har svært gode erfaringer med samvirke på tvers, utan å vie for mye oppmerksamhet til om oppgavene faller innenfor eller utenfor det formelle ansvarsområdet til den ene eller andre instansen. En viktig forutsetning er et gjensidig godt tillitsforhold mellom politiet og de andre etatene med beredskapsansvar. Det tette og effektive samarbeidet i fylkesberedskapsrådet har vært en viktig faktor for å få dette til lokalt».*

### Lokalisering av øvrige fellesfunksjonar, spesialistfunksjonar og fagmiljø

Dette temaet blir kort omtalt i høyringsnotatet frå Politidirektoratet: «*Val av administrasjonssted innebærer heller ikke et val av lokalisering for alle fellesfunksjoner og fagmiljøer i det nye politidistriket. Felles enheter og fagmiljøer vil kunne plasseres flere steder i de nye distriktene*» (Høyringsnotatet, s.3).

Fylkesrådmannen vurderer dette slik at plassering av fellesfunksjonar og fagmiljø vil kome opp som del av politimeisteren sitt vidare arbeid med struktur for det nye politidistriket og meiner difor at ei høyringsuttale i denne omgang bør avgrense seg til peike på behovet for desentrale løysingar, vise til at Sogn og Fjordane i dag har kompetente fagmiljø som må takast vare på og vidareutviklast, samt å peike på at dei val ein gjer når strukturen skal på plass vil få direkte konsekvensar for offentlege arbeidsplassar i Florø.

### Konsekvensar for statlege arbeidsplassar

I høyringsbrevet ber Politidirektoratet om at høyringsinstansane drøftar konsekvensane for statlege arbeidsplassar. Fylkesrådmannen oppfattar dette som eit tvetydig drøftingspunkt i og med at det særleg blir vist til departementa som høyringsinstansar og at det blir vist til at flytting av arbeidsplassar som følgje av val av administrasjonsstad går på politiet sine operative ressursar og dermed er underlagt teieplikt etter §24 i politilova. Det er likevel viktig å peike på at ei flytting av operasjonssentralen frå Florø til Bergen må kunne ventast å gi negative konsekvensar for statlege arbeidsplassar og at dette vil bli utvida til også å gjelde offentlege arbeidsplassar generelt dersom AMK-sentralane seinare skal samlokaliseras med operasjonssentralen. Dette bør kunne kompenserast dersom politimeisteren tillegg kriteriet «Lokaliseringspolitikk» større vekt når felles-funksjonar og fagmiljø skal etablerast i den nye strukturen (jf. Høyringsnotatet, s.19, andre avsnitt).

## **3) Konklusjon**

Etter gjennomgang av høyringsnotatet frå Politidirektoratet meiner fylkesrådmannen det er rett å gi ei høyringsuttale som legg til grunn at Bergen er vald som administrasjonsstad og rette merk-

semda mot tyngre vekting av lokaliseringspolitikk og distriktpolitiske omsyn når politimeisteren skal byggje opp den nye strukturen for Vest politidistrikt. Dette gjeld særleg plassering av øvrige fellesfunksjonar, spesialistfunksjonar og fagmiljø. Her bør ein særleg leggje vekt på å halde på og vidareutvikle velfungerande fagmiljø som allereie finns i fylket og på erfaringar som Sogn og Fjordane har når det gjeld nært samvirke mellom ulike instansar i krisesituasjonar. Vidare bør teknologiske løysingar som alternativ til samlokalisering av operasjonssentral og AMK-sentralane tilleggjast meir vekt.